



friskt

Liv, helse og vekst
til våre kundar og
vår vakre natur!

Nr 8 | November 2019 | årg. 4

Kundemagasin

Side 6-7

Vasstryggleik

- Med fokus på trygt Bømlavatn

Side 4-5

Innvesterer i infrastruktur

- 12 millionar til utbetringar på Moster





Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Trygt vatn og avløp

Kva er egentleg tryggleik i vatn og avløpsbransjen? Du tenkjer gjerne på drikkevasskvaliteten, men det er faktisk mykje meir enn det.

Det er tryggleik for dei som arbeider.

Det er tryggleik for miljøet og vår vakre natur.

Det er tryggleik for kundane våre og for andre me samhandlar med. Og slik kunne me ha fortsett....

I løpet av dette året har drikkevasstryggleik fått stor merksemd på bakgrunn av fleire hendingar. Den mest omtala er nok saka på Askøy.

Denne utgåva av «Friskt» tek for seg noko av det me i BVA gjer for å vera trygge, både når gjeld kvalitet, men også det å ha kapasitet til å levera nok vatn.

Ein viktig del av tryggleiken er dyktige medarbeidarar som kan sine oppgaver, og å ha etablert gode rutinar i arbeidet.

I BVA har me god overvaking av vassnettet, og får alarmer om det skjer ei upårekna hending innan produksjon eller distribusjon av vatn.

Kvar veke blir det teke prøvar av vatnet som blir analysert av eit godkjent og

uavhengig laboratorium. Me tek også prøvar som me analyserer sjølv.

Ei viktig oppgåve for driftsoperatørane våre er å kontrollere at stasjonane og høgdebassenga som står rundt om på heile Bømlo verkar som dei skal.

Dei aller fleste områda på Bømlo har tovegs vassforsyning. Ved leidningsbrot får då kundane likevel vatn, for området kan forsynast frå ein annan leidning.

På avløpssida er det også drifts-overvaking og rutinar for å sjekka at tekniske anlegg fungerer til ei kvar

tid. Prøvetaking for å kontrollere utsleppa blir utført etter faste rutinar, i tråd med løyva me har frå fylkesmannen.

No er julehøgtida rett rundt hjørnet, og med alle dei herlege middagsrettane

vert det ofte matfeitt igjen i gryta. Ikkje kast det i vasken - eller i do! Feitt tettar avløpet og kan bli dyrt å reparera. Avkjøl feittet og kast det i matavfallet.

Til slutt vil eg nytta høvet til å ønska alle lesarane våre ei riktig god jull!

Audun Halleraker,
dagleg leiar



Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design & tekst: Synleg AS
Foto: Vegard Røsland
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsida-bilde: Rengin Zeibar sjekkar at vatnet frå vassbehandlings-anlegget ved Hollundsvatnet held riktig kvalitet.



Boss i dass?

Kastar du q-tips eller plast-emballasje i do? Då hamnar det enten i havet eller i grøfta.

Alt for mykje avfall vert kasta i toaletta, og konsekvensen vert tette leidningar og overfløyming hos deg eller andre stadar i avløpssystemet, auka rotteplager og forureining av naturen.

Mykje av avfallet som blir kasta i do hamnar i naturen eller i havet. Du kastar ikkje våtserviettane på sjøen - men hiv du dei i do? Resultatet er det same!

Sett ei avfallsbøtte på badet og bruk den. Det er berre tiss, avføring og dopapir som skal i toalettet.

God tilgang i Norge

I dag har alle innbyggjarne i Norge tilgang til gode sanitærforhold både heime, på jobben og på skulen.

Avløpsvatnet vert frakta vekk og reinsa før det blir sloppet ut i naturen. Dette er avgjerande for å hindra sjukdomsspreiing i befolkninga og forureining av naturen.

Dei gamle grekarane hadde ikkje like

gode sanitæropplegg som me har i dag, men allereie i bronsealderen fanst det avanserte system.

Vassklosett i bronsealderen

Har du feriert på Kreta, har du kanskje besøkt den arkeologiske staden Knossos. Her hadde dronninga eit vassklosett ved sida av badet i palasset. Det var eit sete over avløpet som blei spylt med rennande vatn.

Klima og økonomi

Kalde vintrar og økonomi var nokre av grunnane til at det ikkje vart bygd vassklosettsystem her til lands før på 1900-talet.

I samband med attreising av Ålesund etter bybrannen i 1904 starta den første systematiske overgangen til vassklosett.

Oslo kom litt seinare og i dag er det ein sjølvstøtt del av kvardagen vår, men slik er det slett ikkje for alle i verda.

Den internasjonale toalettdagen

Den 19. november set FN fokus på sikre sanitærforhold for alle. 2,3 milliardar menneske har ikkje tilgang til tilfredsstillande sanitære forhold.

Utan gode sanitærtjenester kan vatn lett bli forureina, og sjukdommar som kolera, dysenteri og tyfoid kan spreia raskt.

Verdas helseorganisasjon seier at tilgang på reint vatn, sanitærtjenester og god hygiene kan redusera globale sjukdommar med over ti prosent.

Skal sikra reint vatn

FN sine berekraftsmål seier at alle skal ha tilgang til sanitærtjenester og reint vatn innan 2030. Det gjeld uansett kvar du er.

For menneske driven på flukt er dette eit særleg prekært behov.

Gjer ein forskjell!

Sjølv om me i Norge har god tilgang på sanitærtjenester, har me ansvar for kva me kastar i toalettet.

Det er eit problem som alle kan vera med å gjera noko med. Tenk deg om før du kastar bommulpinnar eller våtserviett i do: Hadde du kasta dei i naturen?

Øg du: Visste du at det er fleire personar i verda som har mobiltelefon, enn tilgang til toalett..?



Millionsatsing på Moster



BVA har sett i gong eit stort arbeid i Mostraområdet for å betra leveringstryggleiken for vatn i området. – Før sommaren til neste år skal me kunna levera vatn frå to sider, seier prosjektleiar Odd Petter Habbestad i BVA.

– I dag har me ei einssidig vassforsyning, og skjer det noko på leidningsnettlet frå Skimmeland og ned mot Mosterhamn blir dei utan vatn, fortset Odd Petter.

No ordnar BVA dette og arbeidet er allereie starta. Prosjektet har ein prislapp på 12 millionar kroner, og skal vera ferdig i juni 2020. Totale investeringar i BVA er om lag 15 millionar kroner årleg, så me forstår at dette er eit stort prosjekt.

Godt rusta på Moster

Odd Petter er klar på at dette er ei viktig investering. I følge hovudplanen som er

vedteken av kommunestyret skal område med fleire enn 200 personar ha vassforsyning frå to plassar. Enten frå ringleidning eller via høgdebasseng. Det er det me i BVA jobbar med no.

Tosidig vassforsyning

I dette prosjektet blir det laga tosidig vassforsyning med sjøleidning frå Naustbakken over til Serklau, og lagt sjøleidning over til Spissøy slik at dei også får betre vassforsyning enn i dag.

– Når me er i mål med dette, vil det bli ei veldig god vassforsyning til Mosterhamn, fortel Odd Petter. – Blir det brot på hovudtilførselen, så har dei likevel tilgang på vatn.

I tillegg til nye leidningar vert det plassert målestasjonar på Naustbakken, Serklau og Skimmeland.

Sikra vatn til brannvernet

At brannvern er viktig veit me, sjølv om dei fleste ikkje går rundt å tenkjer på det.

– Oppgraderinga på Moster gir sikrere tilførsel av sløkkevatn og det blir fleire punkt for brannvesenet å kopla seg på. Dette betrar arbeidsvilkåra deira betrakteleg, seier Odd Petter.

God dialog

Prosjektet er synleg for bebuarane, særleg dei som held til på Naustbakken.

– Det blir redusert framkomst til eigedomane på Naustbakken, men me kjem til å laga ein mellombels parkeringsplass. Enkelte dagar må bebuarane parkera ovanfor anlegget.

Me har gjennomført fleire informasjonsmøte og ønskjer å halda ein god dialog med bebuarane, forklarar Odd Petter.

Oppgradering av området

På Naustbakken blir det lagt ny asfalt, vegen vert breiare, og det blir sett ned nye kummar. Delar av pumpeleidningane skal også leggast om, og det blir teke høgde for moglege framtidige utbyggingar på Moster.

– Me kjem også til å laga klart for ei fram-

tidig vassforsyning mot Gassasundet, fortel Odd Petter. Der er det ikkje vassforsyning i dag.

Neste sommar står prosjektet ferdig. Då vil Mostringane ha god og sikker vasstilførsel, auka brannvern og det er klargjort til framtidige utbyggingar.



Steinar Halleraker (t.h.) i dialog med entreprenøren som gjennomfører prosjektet på Moster.



Ei investering for framtida

Millionsatsinga er godt nytt for bebuarane på Moster, ja det er heilt topp! seier Tommy Bjørnevik.

Tommy Bjørnevik jobbar som ambulansesjåfør og har budd på Hestavollen på Moster i ni år. Han ser absolutt verdien i prosjektet.

– Me er veldig avhengige av tilgang til vatn. Eg og familien reiser ein del på hytta og der har me ikkje vatn. Det er først når du må gå i fem minuttar i ausande regnvêr for å henta vatn, at du verkeleg kjenner gleda av å ha vatn lett tilgjengeleg, ler Bjørnevik.

Auka brannvern viktigast

– Eg tenkjer at det viktigaste i prosjektet er betra brannvern. At det alltid er tilgang på vatn om det skulle oppstå ein brann, ja det kan berga liv og heimar. Det står om minuttar då, seier ambulansesjåføren.

Prisen for å gå framover

BVA opplever å ha god kontakt med bebuarane på Moster. Det er særleg dei som bur på Naustbakken som blir påverka av prosjektet. Der vil det bli mest synleg og enkelte gongar avgrensa framkomst til eigedomane. Tommy ser at dette vert naudsynt.

– Eg trur ikkje byggeperioden vil få konsekvensar for meg personleg, men i såfall er det ein liten pris å betala for å gå framover. Så lenge ting er forbigåande og godt forklart, så går det an å planlegga, seier han.

Han er godt nøgd med informasjonen som kjem frå BVA.

– Eg synast BVA er flinke til å nytta seg av sosiale media og andre kanalar for å nå ut med viktig informasjon til kundane. Me treng ikkje uroa oss når ting ikkje virkar, for det er stort sett annonsert før det skjer, avsluttar han.



Alf Helge Sørenes leverer vassprøver til Admiralen. Prøvene skal til analyse i eit laboratorium i Bergen.

Vasstrygggleiken på Bømlo

Det siste halvåret har det vore stort fokus på vasstryggleik i media. Lurer du på korleis det er ivaretatt i vår kommune? Les om kva me gjer for å sikra trygt vatn på Bømlo.

Produksjon og levering

På Bømlo har me overflatevatn som vasskjelder. Åreid, Vorland og Hollundsvatnet er vassreinseanlegga som leverer vatn. Desse er sikra etter gjeldande lover og reglar.

Vasskjeldene våre ligg lågare enn dei folkerike områda på t.d. Leite (ca 35 moh) og Rubbestadneset (50-80 moh). Det betyr at vatnet må pumpast opp til eit av dei 11 ulike høgdebassenga («vasstankane») i kommunen vår, og vidare ut der folk bur.

Ingen av høgdebassenga er fjellanlegg, og dei er bygde slik at det er tilnærma konstant sirkulasjon i vatnet.

Reinsing av vatn og leidningsnett

Vatnet som blir levert på Bømlo frå BVA er reinsa gjennom ulike filter og er UV-behandla. På Bømlo har me ingen asbestsementrør eller eternitrør, og me krev at alle tilkoplingar av rør skal skje i vasskum.

Over tid vil det oppstå organisk materiale i vassleidningane, og desse kan gje farge til vatnet. Farga vatn kan vera udelikat, men det er ikkje farleg. Me reinsar leidningsnettet etter behov.

Prøvetaking og analysar

For å sikra vasskvaliteten tek me rutinemessige prøvar av vatnet, både i vassbehandlingsanlegga og ute på distribusjonsnetta. Me leverer omlag 10 vassprøver kvar veke til eit uavhengig laboratorium, og analyserer også om lag 10 vassprøver sjølv. Prøvene vert tekne etter ein godkjent plan og fastsette rutinar.

«Vatnet du tappar heime er produsert for mindre enn 36 timar sidan.»

Ferskt vatn

På Bømlo er det to åtskilte distribusjonsnett som fører vatnet frå vassbehandlingsanlegga og ut til kundane. Det er eit som dekkjer søre del av kommunen

og eit som dekkjer resten av Bømlo.

Vatnet du tappar frå springen din heime er ferskvare, og er produsert for mindre enn 36 timar sidan.

Oppgradert nett

Sidan BVA blei etablert er det blitt investert over 270 millionar kroner totalt. Mykje av dette er i forbindelse med utbygging av vegnettet, men det er også gjort store investeringar av produksjonsanlegga og distribusjonsnettet.

Framtidig investeringsbehov hos oss på Bømlo er knytt til forventta vekst i befolkning og industri, dermed vert det auka behov for vatn. Naudsynte framtidige investeringar hos oss er difor ikkje etterslep på manglande vedlikehald.

Lekkasjekontroll er viktig

Nasjonalt gjennomsnitt på lekkasjar er rundt 30 %, medan det hos oss er på om lag 18%. Det er viktig med god lekkasjekontroll, for der vatn renn ut av leidningane kan det komma bakteriar inn om trykket blir teke bort, til dømes under vedlikehaldsarbeid.

Me har delt opp leidningsnettet i over 50 ulike soner, og produksjon og levering i desse sonene vert heile tida overvaka. Det gjer at me kan driva eit effektivt arbeid med lekkasjesøk og -kontroll.



Rengin Zeibar kontrollerer råvatn og drikkevatt i Åreiddalen.

Alle kan bidra!

Kva kan eg gjera?

Kontroller at du er oppført på bva.no/varsling slik at du får melding om det skulle oppstå ein situasjon der du bur.

Kan det skje hos oss?

Heile VA-Noreg følgjer nøye med på både årsaker og kva som kan gjerast for å unngå slike hendingar som på Askøy.

Alle som driv med produksjon og distribusjon av vatn har ulike risikoar som må handterast. Uønska hendingar kan også skje hos oss. Me i BVA analyserer og forbetrar difor anlegga og systema våre kvar dag, slik at me leverer trygt og godt vatn til bømlingane.

Vinnarbildet

Det har vore ein travel sommarferie for vår kjære Bømlavatnflaska. Den har vore i sydlege strøk og i Hollywood, men det var i skisportens vugge, Vinje, vinnarbildet vart foreviga.

I sommar hadde me ein konkurranse der me oppfordra lesarane til å senda inn bilde av Bømlavatnflaska på tur. Me fekk inn mange kjekke bidrag, og til slutt var det Gunhild Meling som stakk av med hovudpremien, eit gåvekort på 5000 kr.

- Dette var kjekt! Eg har aldri deltatt på slike konkurransar før, så eg hadde ingen forventningar, fortel Gunhild.

Mjonøy Bakeri i Vinje

Ho var på veg til Austlandet med familien, og hadde fått anbefalt overnatting på Mjonøy Bakeri i Vinje kommune. Tippet viste seg å vera ein god idé. Motivet av den vesle jenta med Bømlavatnflaska, sjarmerte heile juryen!

Me gratulerer Gunhild Meling med sigeren og takkar alle som har sendt inn bilde!



Augneblinken då Serina (2) stod med Bømlavatnflaska i Mjonøy Bakeri. Fleire bidrag frå konkurransen finn du på baksida!

Skal kontrollera alle høgdebassenga

Før ferien, fann BVA svarte renner på bassengveggen under tre taksøytytar i to av høgdebassenga i kommunen. Kaldt vatn inne og den varme sola ute tyder på at det har «slått seg» i nokre skøytytar i taket når det har oppstått kondens.

No skal BVA gå over alle skøytytane på ny med nytt tettningstoff for å vera trygge på at det ikkje er små hol. - Det er ikkje gjort funn av bakteriar eller andre avvik, seier prosjektleiar Odd Petter Habbestad. - Gode rutinar gjer at me kan få observasjonar tidleg og setja inn tiltak, slik som i dette tilfellet.





Arbeidet på Arhaugen i Rubbestadneset i fjor vår var utfordrande med mykje krinkelkrokar.

Lag på lag med røyr

Vatnet skal heim til deg, og du skal kvitta deg med det. Du tenkjer nok ikkje på det til dagleg, men måten røyra ligg i grøfta påvirkar tryggleiken din.

Når me legg røyr, så vert desse lagt i tre ulike nivå, med drikkevattnet i det øvste laget, avløpet i midten og overvatn (regnvatn som vert leia bort) nedst.

Dette har vore standard hos oss på Bømlo sidan 2015 og er eit av mange tiltak for reint og trygt vatn.

Viktig å halda vatnet reint

– Når me gjer det på denne måten hindrar me at det kan komma avløpsvatn i drikkevattnet, fortel Odd Petter Habbestad i BVA.

– Skulle det verta leidningsbrot både på vassrøyrret og avløpsrøyrret, så vil ikkje avløpsvatnet kunne trengja inn i vassforsyninga, seier han.

Meir effektiv bygging

Kostnaden i sjølve bygginga vert sannsynlegvis høgare ved å grava djupare grøfter. Men Odd Petter estimerer at totalkostnaden vert om lag den same, for det blir mykje meir effektiv bygging ved påkopling og ombygging i etterkant.

– Før låg alt på same nivå, og då var det meir utfordrande å ha kontroll på lekkasjar. I dag vert alle nye anlegg bygd med røyr i tre nivå, fortel Odd Petter.

Eldre standard

Røyr i tre nivå er ikkje gjennomført som formell standard, men BVA bygger nye anlegg på denne måten.

– Det er difor fleire område på Bømlo som følgjer den gamle

standard, men eg trur det kjem til å bli enno strengare formelle krav til dette i framtida. Då er det godt at me på Bømlo har vore tidleg ute, seier Odd Petter.

Vårt viktigaste tiltak

BVA har mange tiltak for å sikra vatnet som kjem ut i springen til bømblingane.

Alle tiltak er viktige, men det er eit som skil seg ut.

– Lekkasjekontroll er framleis det viktigaste tiltaket me har, seier Odd Petter. Får me lekkasje og alt ligg på samme nivå er det særleg utfordrande å ha kontroll.

Lekkasje i over tretti år

Som eksempel på ein lekkasje trekker Odd Petter fram ei historie frå Foldrøy.

– I 1981 vart det lagt ned nye pvc-røyr på ei strekning på Foldrøy. Då me gjorde ei oppgradering på staden i 2013 såg me at skøyten mellom to røyr var dårleg, og at det var ein lekkasje der.

Lekkasjen har mest truleg stått sidan røyrret var heilt nytt, og totalt har det leke om lag 500 000 000 liter med vatn i denne vesle lekkasjen.

– Og ingen har merka det, eller klagt på trykket. Vassmenga er nok til 300 menneske i året, seier Odd Petter.

Med dagens overvaking får BVA tetta dei små lekkasjane før dei blir store.

Overvaking av avløpsvatnet

I samarbeid med ulike leverandørar, ser BVA også på korleis avløpssystemet kan bli betre overvaka. I fyrste omgang handlar det om å laga soner som kan overvakast kvar for seg.

– Med eit slikt system får me kontinuerleg overvaking også på avløpssida, seier Odd Petter.

Då blir BVA i stand til å finna og stoppa lekkasjar på avløpsnett på eit mykje tidlegare tidspunkt, og ta enno betre vare på vår vakre natur.



Vassrøyrret som låg over denne steinen var lekk i over 30 år. Trykket og mengdene med vatn har gjort at det har blitt eit hol rett gjennom steinen!



Heimelaga skeisebane

Når kuldegradene kjem inn over Kanalen rår dugnadsånda i bygda. Ungane kan knapt venta...no blir det skeiseis!

I meir enn ti år har finnåsingane laga skeisebane på Kanalen. Frode Grønnevik er ein av dei som har vore med lengst og kan fortelja at det var Helge Larsen som hadde ideen. Han fekk med seg nokre ildsjeler, og no er dei ein stor dugnadsgjeng.

God dugnadsånd

– Me er avhengige av god dugnadsånd for å få det til. Me skrur saman ei ramme, og fyller på med vatn. For at ungene skal få skeiseis må faktisk nokon også jobba med isen på nattetid, seier Grønnevik.

Gjengen på Kanalen har hatt mange kjekke sosiale stunder på og utanfor isen. Pølser frå bålpanna passar veldig fint i pausen under hockeykampen, og fleire gangar har husmorlaget stilt med boller og kakao.

... og støtte frå næringslivet

«Eirikjen på Sagå, Montér, Joker Finnås og Finnås Auto har alle vore viktige støttespelarar.

– Det er veldig kjekt at næringslivet

sponsar oss med delar av material og utstyr som me treng. Sjølve stiller me med traktor, brøyteskjer og menneskap til å gjera jobben, seier Grønnevik.

Dei oppfordrar også finnåsingane til å leggja igjen pantelappane sine på lokalbutikken, slik at pengane kan brukast på vedlikehald av banen.

God dialog med BVA

Dialogen med BVA er viktig i prosjektet, og Grønnevik er klar på at det ikkje vert laga til skeisebane utan at det er avklart med BVA på førehand.

– Me ringer alltid til BVA før me startar dugnaden, for å spørja om lov til å bruka vatn.

Til glede for mange

– I fjor ringte Gilje skule og ville ha ein aktivitetsdag på isen, og det blei ein kjempedag, fortel Grønnevik.

Også Våge skule brukar skeisebanen flittig når den er laga til.

– Ja, her kan ungene kosa seg på skeiseisen, og det er ingen fare for at nokon fell gjennom isen og druknar. – Me gler oss til kuldegradene kjem i vinter! avsluttar han.



Brøytinga er ein viktig jobb for skeisebanen. Her er Ståle Sakseide i full gong!

Foto: Privat



Storreingjering med vaskemaskin på over 2000 liter

Wärtsilä Norway er ei av mange industribedrifter på Bømlø som er avhengig av god tilførsel av vatn.

– Me er heilt avhengige av sikker tilførsel av reint vatn heile døgnet, seier Sigbjørn Næsse, eigedomssjef i Wärtsilä Norway.

Han fortel engasjert om alt det Wärtsilä gjer, både i Norge og internasjonalt. I Rubbestadneset er det både ingeniørarbeid knytt til gir og propellar, salsavdeling, verkstad og diverse støtte-tenester.

Store vaskemaskinar

Det største forbruket av vatn hos Wärtsilä er det verkstadane som står for. Dei lagar blant anna delar til Wärtsilä og Wichmann-motorar, har thruster- og turbo verkstad, og verkstad for komponentoverhaling.

I produksjonen treng dei å vaska motor- delar og til dette har dei fem store vaskemaskinar som tek over 2000 liter vatn kvar. Vatnet blir brukt om att, men treng å skiftast om lag kvar andre månad.

Olje i avløpet

Maskindelane som blir vaska har sjølvsgatt vore i kontakt med olje. For å hindra at olje

kjem i avløpet har Wärtsilä eit eigenutvikla avløpssystem som skil ut reint vatn og behandlar resten som spesialavfall.

Tomt for kaffi!

Me lurar på kva som blir konsekvensen for Wärtsilä om vatnet forsvinn:

– Det må vera at det veldig fort blir tomt for kaffi, smiler Sigbjørn lurt. – Me i Wärtsilä kunne nok holdt det gåande ei stund, men det hadde blitt meir kritisk for dei som me leiger ut lokale til.

Næringsklynge med vassbehov

Det er Wärtsilä Norway som eig dei fleste bygningane i industriområdet på Rubbestadneset, og leigetakarane deira er også avhengige av god tilgang på vatn.

Blant anna brukar Los Marine vatn til reingjering og produksjon, og Westcon Olvondo brukar vatn til kjøling i maskinparken sin.

– Me burde hatt ein litt større kapasitet, både inn til oss, og internt her på industriområdet, seier Sigbjørn. – Men særleg viktig blir det i framtidige utvidingar her på Rubbestadneset. Behovet for god kapasitet og sikker vasstilførsel blir enno viktigare i framtida.

Berekraftige lokalsamfunn

Og med tanke på framtida: Wärtsilä har ein uttalt strategi på at dei vil muliggjera berekraftige samfunn med smart teknologi.

Dette har dei teke på alvor og har fleire prosjekt og tiltak for å redusera miljøavtrykket, blant anna ved å bruka mindre vatn.

I vår hadde dei eit lokalt rørleggjarfirma inne for å driva søk etter lekkasjar. Det er eit tidkrevjande arbeid, og industriområdet har blitt til gjennom ulike tider med varierende grad av dokumentasjon. Etter å ha funne og tetta fleire lekkasjar ser dei at vassforbruket har gått ned.

Utprøving av teknologi

– Me har også testa ulike løysingar for å spara vatn og kjemikalier i produksjonen vår, seier Kjell Einar Holme, Manager - Maintenance, Tools & Development i Wärtsilä Norway.

– Nokre prosjekt lukkast, og andre ikkje, og utprøving av ny teknologi er ein viktig del av arbeidet med å gjera verksemda vår meir berekraftig, avsluttar han.



Foto: iStock.com / ArtMarie

Jula er ei magisk høgtid for store og små!

God jul(eførebuing)!

Plutseleg er det tid for juleførebuinga igjen! Påminninga er nærast blitt ein tradisjon... Du går inn på lokalbutikken og alt er jul!

Handelappen er forlengst plassert ned i jakkelomma, og instinktet har tatt overhand. Julebrunost, julegodteri, julegraut, julesylte, pinnekjøtt og adventskalender. Akkurat det du skulle ha i dag...?

Eigentleg kjennest det lenge til jul, men tanken forsvinn fort når du køyrer heim frå butikken og Maria Carey rungar frå radioen med «All I want for Christmas is you»

Vel heime, sofaen er innteken, og etter ei lita pause frå julesjokket set du på fjernsynet. I det du trur reklamepausen er over, kjem den kjente og kjære julenissen i Coca-Cola-lastebilen sin. Juleførebuingane har starta!

Sjølv om tempoet inn mot høgtida kan kjennast litt høgt for nokon og ein kvar, er det mykje å setta pris på.

Nesten ingenting slår den gode kjensla av lukta av pinnekjøtt og ribbe. Me har det godt!

Men har du tenkt over kva du skal gjera med alt feittet etter middagane?

Avløpet tek villig i mot feittet anten du kastar det i vasken med ein god dose vaske- middel, eller om du tømmer det i do.

Men gjer du det, kan det få store konsekvensar. I verste fall kan avløpsrøyra dine tetta seg slik at kloakken går feil veg - og det er ein lite triveleg måte å feira jula på...

For å unngå dette kan du følgja tipsa nedanfor. God jul - når den kjem!

Slik kan du kvitta deg med matfeitt

- Etter julemiddagen avkjøler du feittet så det stivnar. Skrap det ut og tørk med kjøkken- papir. Kast feitt og papir i bioavfallet.

- Større mengder flytande olje heller du i ein tom mjølkekartong, teip den igjen og kast den i restavfallet.

- Når du steikjer middag, så gjer det til ein vane å alltid tørka av steikepanna med kjøken- papir når du er ferdig. Då er det også lettare å vaska den etterpå.

- Smultringbaking kan gje deg ein stor rest med matfett. Hiv det i bioen, eller hell det i ein mjølkekartong, ha i solsikkefrø, havregryn, mandlar og hasselnøtter og vips så har du julemat til småfuglane! Lag nokre hol i kartongen og stikk i ein pinne dei kan kvila seg på, før du heng det ut.

Vann- vittig :-)

Då eg var liten blei eg vaksinert mot koppar.

Det er difor eg berre drikk frå Bømlavatnflaske...



BØMLO VATN OG AVLØP


Bømlø Vatn og Avløpselskap AS

Org. nr. 985 228 825
Pb 214, 5445 Bremnes
Besøk: Hollundsdaalen 21
Tlf: 53 42 88 40

Vakt: 53 42 88 45

INFORMASJON

Retur: Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS
Pb 214, 5445 Bremnes



SYNLEGN

Alle foto: Privat



friskt

Takk til alle som var med og deltok i fotokonkurransen vår i sommer! :)